

EIT GRØNARE SAMFUNN

miljøpartiet
dei grøne

bjørnafjorden

Miljøpartiet Dei Grøne Bjørnafjorden vil ha ein kommune som tek vare på landbruk og grøne område, og som vidareutviklar lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Vi vil ha klimasmarte bygder der det er godt å bu, med høg livskvalitet og livsglede, tryggleik, gode møteplassar for alle uansett alder og fleire lokale arbeidsplassar. Vi ønsker ein kommune med ansvarleg økonomi, gode tenester og realistiske, praktiske, reine og effektive løysingar på transport og utvikling.

Dei Grøne vil løfta Bjørnafjorden vidare som ein god og berekraftig kommune, og vil ta vare på dei særskilde kvalitetane vi har i Os og Fusa. Det inkluderer historisk og moderne kulturrikdom, frodig natur og lokal verdiskaping. Kommunen har ei klår rolle å spela i arbeidet med å unngå dramatiske klimaendringar og i arbeidet med å oppfylle FN's berekraftsmål. Utviklinga av framtida skjer i kommunen, der folk bur.

KJERNESAKER

Ungdommens hus

Dei Grøne meiner det er viktig å få på plass eit ungdommens hus i kommunen der ungdom på eigne premiss kan samlast og ha påverknad på innhald i tilbodet, anten det er musikk, gaming, kafé, lekser eller anna. Det er viktig å sikra høg kvalitet på lokala. Dei eldste fekk tropehage - no er det på overtid at ungdommane får eit tilbod.

Meir buss, meir ferje

Ei av dei viktigaste utfordringane i nye Bjørnafjorden er å knytta dei ulike delane av kommunen betre saman. Vi meiner det skjer raskast og best ved å sikra betre tilbod innan buss og ferje. Vi treng fleire avgangar og lengre åpningstid, og det er viktig å prøva ut nye konsept som buss on-demand.

Bilfritt sentrum

Etter massive oppgraderingar på Osøyro er det på tide å prioritera fotgjengarane. Vi vil derfor innføre gågate for å leggja betre til rette for handel og folkeliv i sentrum.

Kvalitetsdemokrati

Dei Grøne har stått i spissen for å åpna lokaldemokratiet og få avgjersler ut av lukka rom. Vi vil satsa sterkt vidare på meir demokrati og rettvis prosessar. Til dømes meiner vi at ordføraren sin møtekalender skal vera heilt open på internett.

Gode kvardagsliv

Det er svært viktig for oss å satsa vidare på godt kvardagsliv for alle innbyggjarane i Bjørnafjorden. Urørt natur med nærleik både til fjord og fjell, eit ope og aktivt kulturlandskap og levande bygdesentre er unike kvalitetar som fremmar folkehelsa. Det skal vera trivsel både for dei som kan koma seg høgt til fjells og for dei som held seg i nærmiljøet. For at alle skal få gode opplevingar i naturen, vil vi ta vare på dei grøne lungene og arbeida for eit godt og skånsamt sti- og turvegnett med god tilkomst, parkering og andre fasilitetar.

Nei til firefelts motorveg og bru over Bjørnafjorden!

Vi er ein sikker garantist mot bru over Bjørnafjorden og den resterande raseringa av Kuventræ og andre folkerike område som nye E39 medfører. Så mykje midlar til samferdsle bør heller nyttast på eksisterande vegar. Dei Grøne er imot prosjektet lokalt, regionalt og nasjonalt.

KAPITTEL 1 Energi og klima

Dei Grøne vil:

- At Bjørnafjorden kommune skal vere utsleppsøytral i 2030
- At kommunen er ein tydeleg og sterk aktør i kampen mot plastforsøpling
- Krevja miljøsertifisering og kjeldesortering i kommunale einingar
- At kommunale nybygg skal vera klimasmarte og at dei skal nytta solenergi
- Sikra at BIR startar mottak av matavfall, og har gode løysingar for kjeldesortering for næringsbygg
- Gjera forsøk med fossilfrie byggeplassar i kommunal regi

Dei Grøne vil innføra fleire kommunale stønadsordningar for innbyggerane, til dømes for heimekompost, solenergi, reintbrennande eldstader o.l.

Kommunen skal bruka eigne innkjøp til å fremja eit grønt skifte i næringslivet, og gjera aktiv nytte av den kommunale medlemskapen i Klimapartner og Covenant of Mayors.

Bjørnafjorden kommune må rapportera framdrift på tiltak innan miljø og klima. Kommunen skal laga årlege klimabudsjett, på lik linje med økonomisk budsjett, der ein skal sikra utsleppskutt mot 2030-måla. Dei Grøne ønsker også at fleire nybygg skal verta bygde i heiltre.

Forsøpling av plast er eit stort og aukande problem, og kommunen skal ta større grep mot plastforsøplinga. Vil vil også at Bjørnafjorden kommune skal kutta ut all unødvendig bruk av eingongsplast og unngå innkjøp av varer med unødvendig plastemballasje.

KAPITTEL 2 Helse- og sosialpolitikk

Dei Grøne vil:

- At barnetrygd ikkje vert rekna som inntekt for dei som får sosialstønad
- Ha fleire miljøarbeidarar som jobbar førebyggjande
- Styrka helsesjukepleiarar og andre fagpersonar sin kompetanse på psykisk helse hos unge, deriblant seksuell orientering og kjønnsidentitet (LHBTQI-spørsmål)
- At kommunen tek imot fleire flyktningfamiliar
- At kommunen etablerer eit tilbod for einslege, mindreårige asylsøkarar
- Vidareføra ordninga med vaktmeisterteam for skular, sjukeheimar og andre kommunale institusjonar
- Bruka meir "Inn på tunet" og andre lokale tiltak i psykisk helse- og rusomsorga
- At alle menneske skal ha rett til å be om hjelp når dei treng det, også dersom det skjer i form av tigging

Vi meiner at den beste sosialpolitikken er å tenka førebygging, mellom anna ved å syta for anstendige levevilkår for alle barnefamiliar. Barnehagar, skular, barnevern og PPT må ha økonomiske rammer som gjer det mogleg å sjå det einskilde barnet og setja inn fornuftige tiltak tidleg. I tillegg ønsker Dei Grøne meir utadretta verksemd frå dedikerte miljøarbeidarar og andre fagpersonar.

God integrering verkar også førebyggjande. Å læra seg norsk raskt er ein nøkkelfaktor i alle suksesshistorier om integrering. Derfor er vi opptatt av at midlar til språkopplæring blir brukt til nettopp det. Dei Grøne meiner at alle born skal kunna delta i fritidsaktivitetar, og meiner det er viktig med større breidde (inkludert e-sport) og lokal variasjon i tilbodet. Vi trur deltakinga aukar når tilboda er gratis eller lågt prisa, og ønsker derfor å gje ekstra støtte til lag og organisasjonar som satsar målretta på lågterskel aktivitetar og andre former for inkludering. Vi vil også etablere utlånssentralar for idrettsutstyr.

Livskvalitet er å få bu heime så lenge det er forsvarleg. Dei Grøne vil arbeida for kjerneteam eller andre ordningar i heimesjukepleien slik at det er føreseieleg for brukarane kven som kjem på heimebesøk. Aktivitetar og kulturtilbod på institusjonar og for heimebuande, t.d. gjennom den kulturelle spaserstokken, gjev ein rikare alderdom.

KAPITTEL 3 Næringsliv og arbeidsplassar

Dei Grøne vil:

- Sikra tilgang til moderne breiband i heile kommunen
- Arbeida for likeløn, mangfald og trygge fulltidsstillingar i kommunal sektor
- Syta for sentrale og moderne kontorfellesskap som det er låg terskel for å dela, leiga og låna
- Satsa på Lyseparken for å trekka gode, grønne jobbar til kommunen
- Bruka offentlege anskaffingar aktivt for å styrka lokalt næringsliv og kreva gode miljøløysingar
- Oppretta eit investeringsfond for lokalt jordbruk

Vi trur mange av dagens pendlarar ønsker arbeid nær heimen. Dei Grøne vil profilera Bjørnafjorden som ein god kommune for gründerar, sjølvstendig næringsdrivande og tilsette med kontor utanbys, og foreslår å tilby “felles heimekontor” og andre løysingar som kuttar reisetida. Kompetansen i slike arbeidsfellesskap (t.d. digitalisering, robotisering og automatisering) har verdi for det lokale næringslivet, og stimulerer til samarbeid og innovasjon. Slikt hopehav vert også stimulert gjennom såkalla skaparverkstader (makerspace) som også kan leggjast til denne typen kontorfellesskap sentralt i kommunen. Meir liv i bygdesentra som t.d. Osøyro og Eikelandssosen skaper også nye behov som kafear, matutsal og andre kortreiste tenester.

Dei vidaregåande skulane i Bjørnafjorden skal ha ros for gode og relevante TAF-ordningar som kombinerer teori og praksis. Framover bør TAF-studia koplast enno meir opp mot lokale verksemder og gründermiljø slik at elevane får eit forhold til typisk lokalt næringsliv og vice versa. Kommunen bør vera eit førebilete når det gjeld å støtta lærlingeordningar til dømes med læreplassgaranti, og ta i bruk relevante fagutdanningar. Det er viktig at kommunen samarbeider tettare med vidaregåande opplæring for å sikra gode tilbod til dei yngste vaksne.

Bjørnafjorden har fine naturkvalitetar og eit levande kulturliv som ligg til rette for berekraftig turisme med høg avkasting og minimal miljøpåverknad. Vi meiner kommunen skal leggja rammene, men overlata til lokale krefter å skapa eit levebrød av desse moglegheitene. Dersom vi tek vare på det vi har av jordbruksareal, sikrar vi nye og gamle arbeidsplassar i jordbruket. I tillegg opnar det for fleire arbeidsplassar innan foredling og vidaresal av lokalmat, økoturisme og andelsjordbruk.

KAPITTEL 4 Samferdsle

Dei Grøne vil:

- Binda kommunen saman gjennom eit sterkt betra kollektivtilbod: Meir buss, meir ferje!
- Stogga alle planar om kryssing av Bjørnafjorden med bru
- At rassikring og gang- og sykkelveggar vert prioriterte framfor bygging av nye vegar
- Sikra gul stripe på alle eksisterande vegar som manglar det
- Ha Osøyro som gågatesentrum, men slik at dei som er avhengige av transport kan få dispensasjon
- Arbeida for parkering i fjell
- Arbeida for at heile bilparken til kommunen skal bestå av nullutsleppskjøretøy
- Sikra vidare utbygging av hurtigladepunkt
- Etablera betre rutinar for brøyting og rydding av fortau, gang- og sykkelveggar

Heile Bjørnafjorden kommune skal ha eit godt kollektivtilbod både på hovudfartsårane og i dei mange krinsane. Vi ønsker også å prøva ut ei ordning med on-demand-bussar i krinsane, slik ein har gjort med suksess i Sauda i Rogaland. Ein godt utbygd kollektivtransport er vesentleg for å binda dei mange delane av kommunen saman, og til det treng vi fleire ferjer, fleire bussar og hyppigare avgangar. Talet på innfartsparkeringsplassar for pendlarar må aukast; både for dei med og utan månadskort, og det må etablerast trygg og varm sykkelparkering. Vi vil

reservera to felt på den nye vegen Sveгатjörn–Rådal til samkøyrings-/kollektivfelt, og vil arbeida for at all kollektivtransport i kommunen vert utført med nullutsleppskjøretøy og -fartøy innan 2025.

KAPITTEL 5 Kunst og kultur

Dei Grøne vil:

- Gjera prosessane rundt tildeling av kulturmidlar gjennomsynlege og rettvis
- Nemna opp ei kulturnemnd med representantar frå kunstfeltet som gjev råd om løyvingar til det profesjonelle kulturfeltet og offentleg utsmykking
- Få på plass ein framtidretta kulturminneplan for heile Bjørnafjorden kommune som sikrar gjenstandar og bygg med historisk eller kulturell verdi og vår immaterielle kulturarv
- Stø opp om kulturtilbod som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken og Riksteatret
- Auka kapasiteten i kulturskulen for å redusera ventelister
- At Oseana skal underbygga og fremma bygda sin identitet og vera pådrivar og medprodusent for lokale prosjekt

Dei Grøne vil sikra gode vekstvilkår for både frivillig og profesjonell kultur ved å dela kommunale kulturtilskot mellom to ulike fond, eit for frivillig aktivitet innan amatørkultur, idrett, rusfrie og rusførebyggjande tiltak, og eit for det profesjonelle kulturlivet i kommunen. Her kan institusjonar og enkeltaktørar søka om både driftstilskot og prosjektstønad.

Vi ser aukande interesse for vern også av moderne kulturminne. Det er mange som har teke ansvar der kommunen ikkje har evna, som til dømes Fortidsminneforeningen, Stiftinga Lyngheim og sogelaget. Dei Grøne vil i større grad trekka inn lokal kompetanse i kulturminnevernarbeidet for å få betre kvalitet på høyringsrunder og sakshandsaming.

Bjørnafjorden skal vera ein attraktiv og levande kulturkommune. Derfor vil vi utgreia høva for ein residensordning for å husa gjestekunstnarar frå ulike kunstsjangarar i korte periodar. Slik kan vi styrka det lokale kulturlivet, knytta nye band og synleggjera kommunen nasjonalt og internasjonalt.

KAPITTEL 6 Idrett, fritid og friluftsliv

Dei Grøne vil:

- Få på plass eit ungdommens hus i kommunen der ungdom på eigne premiss kan samlast og ha påverknad på innhald i tilbodet, anten det er musikk, gaming, kafé, lekser eller anna.
- Legga til rette for meir spontan og uorganisert fysisk aktivitet, som skateboard, fotball og leik i nærmiljøet, ski, turar i naturen og anna
- Gjeninnføra stønadsordninga for rusfrie helgetiltak: kultur- og fritidstilbod for og av ungdom
- Verna fleire område og sikra tilgang for dagens og komande generasjonar
- Utvikla kart med tilrettelagde kulturelle turstiar i kommunen
- Opparbeida lysløype også på Os-sida av fjorden
- Arbeida for ein utlånssentral av sportsutstyr og verktøy, til dømes gjennom biblioteket

I Os og Fusa er det svært mange som nyttar naturen til fysisk fostring og rekreasjon. Dei grønne vil har meir av det. Vi ønsker meir kommunale midlar til dei frivillige laga som arbeider med turvegar, betre parkeringstilhøve og at det gode arbeidet med å legga til rette for barnevogn/rullestol på stiar i kommunen held fram.

Dei Grøne meiner også at det er svært viktig å verna allemannsretten og vår felles natur. Vi arbeider derfor mot sal av offentleg eigd skog og utmark og utbygging av strandsona.

Den organiserte idretten er viktig for folkehelse, trivsel og for å bygga gode lokalmiljø. Vi heiar på og vil stø opp om idrettslaga. Vi er også opptekne av å stø den store frivillige innsatsen som finn stad i regi av kyrkja, ungdomslag og andre små og store organisasjonar.

Kunstgrasbanene våre er viktige for idrettslaga. Her må vi nytta andre materiale enn gummigranulat ved bygging av nye kunstgrasbaner, til dømes elvesand eller andre meir miljøvenlege løysingar.

KAPITTEL 7 Oppvekst

Dei Grøne vil:

- Sikra høg kvalitet i kommunale og private skular og barnehagar i Bjørnafjorden
- Styrka dei kreative faga i skulen
- Sikra leksehjelp i heile skuleløpet
- Jobba for høg kvalitet i SFO
- Sikra godt samarbeid mellom helsestasjon, lege, psykolog og PPT
- Etablere sentrumsnære ungdomstilbod
- Ha trygge skulevegar med fortau, sykkelstiar og sikker kryssing av veg
- Sikra god digital kompetanse for neste generasjon innbyggjarar

Oppvekst må sjåast i eit heilskapleg perspektiv. Miljøpartiet Dei Grøne ønsker å auka midlar til tidleg innsats i barnehagen for å unngå utfordringar seinare i utdanningsløpet.

Miljøpartiet Dei Grøne krev at kommunen skal ha tiltenkte barnehage- og skuleplassar i alle planar for utbygging, samt ein langsiktig plan for elevkapasitet som sikrar at elevar får skuleplass i sitt nærrområde.

Dei Grøne vil gjera skulen i Bjørnafjorden meir sosialt utjamnande, til dømes med leksehjelp, forsøk med leksefri skule og gratis SFO for born som treng særskilt språkopplæring..

Det er viktig å utvida SFO-tilbodet til 11 månader i året, og at kommunen utvidar ferie-SFO til fleire skulekrinsar.

KAPITTEL 8 Naturvern

Dei Grøne vil:

- Sikra kunnskapsbasert forvaltning av ville dyr, fuglar og insekter i Bjørnafjorden og verna viktige leveområde for truga artar
- Unngå bruk av plantegifter i landbruket, i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar
- Oppmoda hunde- og katteeigarar til ID-merking av dyr
- Legga til rette for pollinerande insekt ved utplanting og gjennom å unngå unødig kantslått
- Bevara myrområda som leveområde for dyr og planter, buffersone mot nedbør og bindar av store mengder karbon

Vi ønsker å verna om verdifull natur og kulturlandskapet i kommunen. Vi vil bevare naturmangfaldet og legga til rette for at insekt, fuglar og andre dyr har gode levevilkår.

Vi vil forvalta strandsona i tråd med kystkulturen og sikra eit godt planverk for bygging i nærleiken av strandsona, elver og vassdrag.

Vi vil jobba for berekraftig skogbruk, bevaring av myr og for vidare arbeid med å gjenopna lukka bekkar.

KAPITTEL 9 Jordbruk og havbruk

Dei Grøne vil:

- Stimulera til auka matproduksjon som også sikrar betre sjølvforsyning av viktige matvarer
- Stilla krav om gjenoppretting eller erstatning av tapt matjord og andre verdifulle jordressursar
- Betre vilkåra for bønder og fiskarar som ønsker å selja produkta sine lokalt
- Ha gode, kunnskapsbaserte prosessar som sikrar heilskaplege arealplanar for kystsonen
- At styresmaktene stiller strenge krav til oppdrettsnæringa om utslepp, bruk av berekraftig fôr og dyrevelferd
- Legga til rette for berekraftig hausting og dyrking av skjel, sjøpølser, algar og andre artar lågare i næringsnett

Os og Fusa har til saman vel 20 000 dekar jordbruksareal i drift, og vi har ikkje ein dekar å mista. Då trengs det ein offensiv og modig jordbrukspolitikk som også ivaretar komande generasjonar. Dei Grøne har ein nullvisjon for nedbygging av matjord – vi vil ta vare på det vi har av samanhengande jordbruksareal. Det skal svært tungtvegande samfunnsmessige grunnar til for å vika frå denne visjonen, og tap av matjord må ha ein reell kostnad for utbyggjar. Landbruket kan bidra stort i kampen mot klimaendringane når vi forvaltar matjorda slik at jordlivet vert styrka, karboninnhaldet aukar og tapet av næring vert redusert til eit minimum. Vi meiner at ein gjennomarbeidd og framtidsretta arealplan – og ikkje stadige dispensasjonssøknader – skal vera førande for arealforvaltinga i kommunen.

Bjørnafjorden har fleire oppdrettsselskap som syter for kortreiste arbeidsplassar og andre positive ringverknader i lokalmiljøa. Samstundes aukar kunnskapen om dei uheldige miljøpåverknadene frå oppdrett, og fleire kunnskapshøl ventar på å bli tetta. Vi kan ikkje utelukka at det skjer alvorleg skade på naturmangfaldet. Oppdrettsnæringa er også arealkrevjande i ei allereie pressa kystzone. Dei Grøne meiner miljøstyresmaktene, politikarane og oppdrettsnæringa har eit felles ansvar for å forvalta oppdrettsnæringa etter føre-var-prinsippa.

KAPITTEL 10 Demokrati og økonomi

Dei Grøne vil:

- Sikra folk med nedsett funksjonsevne gode høve til å delta i samfunnsliv og demokratiske arenaer
- Innføra lobbyregister for ordførar – open møtekalender
- At innbyggjar skal kome før utbyggjar
- Sikra høg etisk standard i innkjøp
- Sikra høg etisk og miljøvenleg standard i aksjeporteføljen
- At utbyggingsprosjekt skal følgja rekkefølgekrav
- Hindra det massive utbyggingsprosjektet på Bjånes
- Arbeida for at Bjørnafjorden får status som Fairtrade-kommune

Miljøpartiet Dei Grøne Bjørnafjorden vil at den politiske arenaen i kommunen skal vere mest mogeleg gjennomsliktig for å sikra eit velfungerande lokaldemokrati med høg integritet.

Begge sider av fjorden i Bjørnafjorden kommune skal vera attraktive for innbyggjarar i alle faser av livet. Det skal vera plass til å utvikla kommunen. Samtidig må samfunnsplanlegginga ta betre omsyn til vern av natur og sjå på korleis vi kan få best moglege bumiljø med minst mogleg transportbehov.

Bjørnafjorden skal bli ein føregangskommune på god utbyggingskultur. Vi vil jobba for å sikra god kvalitet i høve tilpassing til klima, terreng, estetikk og oppvekstmiljø, og kommunen må bli flinkare til å følgja opp rekkefølgekrav.

Godt vedlikehold av offentlege bygg er viktig av omsyn til både økonomi, klima, forbruk, trivsel og ivaretaking av kulturminne.

Høg lånegjeld er ei byrde for kommunen, og politikarane må vera svært varsame med å ytterlegare auka lånegraden. Sunn kommuneøkonomi er særskild viktig for å sikra nok ressursar til kjernetenester som skule og omsorg.

Appendix – FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for gjeldande strategidokument for Bjørnafjorden kommune. Det handlar ganske enkelt om å ta vare på behova til menneske som lever i dag utan å øydelegga for behova til framtidige generasjonar.

Ei berekraftig verd er mogleg, men vi har inga tid å mista. FN har sidan 24. oktober 1945 vist oss kor viktig det er å stå saman for å løysa dei store utfordringane i verda.

Berekraftsmåla reflekterer dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale vilkår. Måla består av 17 hovudmål og 169 delmål, og dei skal fungera som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Miljøpartiet Dei Grøne vil følge FN på vegen til ei betre verd. Vi må stå saman dersom vi skal løysa desse viktige utfordringane som svolt, fattigdom, mangel på likestilling og berekraftig vassforvaltning. Vi ønsker å bidra til ei trygg verd, ein grønar klode og eit samfunn med mindre ulikskap. Noreg var med på å vedta FN sine berekraftsmål i 2015. Det forpliktar heilt ned på kommunalt nivå.



Topp ti kandidatar 2019

Nils-Anders Nøttseter	(1980)
Tina Bøe Buer	(1986)
Torgeir Hansen Skjælaaen	(1975)
Malin Nøss Vangsnes	(1987)
Knut Børgesen	(1962)
Erik Halvorsen	(1976)
Jo Rune Ugulen Kristiansen	(1968)
Madeleine Thomassen Lyngstad	(1981)
Geir Fossåskaret	(1969)
Marie Hauge	(1968)